

**Fra:** Stanley Hauge (Stanley.Hauge@hfk.no)

**Sendt:** 29.03.2016 10:47:58

**Til:** Anita Fjellheim

**Kopi:**

**Emne:** VS: Søknad om permisjon frå verv i Hordaland fylkeskommune

**Vedlegg:** image001.png

**Fra:** Stanley Hauge

**Sendt:** 12. januar 2016 15:00

**Til:** Tom-Christer Nilsen

**Kopi:** Sigrid H Aardal; Ingeborg Borgen Takle

**Emne:** Søknad om permisjon frå verv i Hordaland fylkeskommune

**Tom-Christer Nilsen**

[tom-christer@gmail.com](mailto:tom-christer@gmail.com)

Vi har motteke søknaden din om permisjon frå dei politiske verva du er valt til frå januar 2016 og så lenge du er statssekretær. Søknaden vil verta behandla av fylkestinget 8.-9. mars i år.

Ved utarbeiding av saka legg vi til grunn at søknaden omfattar alle verva fylkestinget har vald deg inn i ved valsakene i oktober og desember 2015. Du er også vald til Hordaland fylkesting sin kandidat til hovudstyret i Innovasjon Norge. Det valet har ikkje IN gjort enno. Vi går ut frå at fylkestinget må peika ut ein annan kandidat i staden for deg.

Fram til fylkestinget har behandla søknaden legg vi til grunn at søknaden betyr at du har forfall til alle møte i internt i fylkeskommunen (fylkestinget, fylkesutvalet og evt. valnemnda og fylkesvalstyret) og at vi kallar inn vararepresentant til desse. Når det gjeld dei eksterne organa som du er vald inn i, ber vi om at du sjølv melder forfall direkte til dei når du får innkalling.

Dersom det er greitt for deg, registrerer vi at du har forfall til desse møta:

- Fylkestinget 8.-9. mars
- Fylkesutvalet 29. januar, 24.-25. februar og 17. mars
- Evt. møte i valnemnda og fylkesvalstyret fram t.o.m. mars 2016

Venleg helsing

**Stanley Hauge**

Leiar fylkessekretariatet

organisasjonsavdelinga | kommunikasjonsseksjonen



Tlf: 55 23 99 42 | Mob: 934 59 154

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)